



Leiar Arne Gjellan og Leif Kongestøl under medlemsmøtet i kveld. (Foto: Ola Mattiu Mathisen)

Kvinnherad Krf har i dag hatt medlemsmøte med 2. gangs prøvenominasjon til fylkestingsvalet neste haust og sett fylkesordførar Torill S. Nyborg på topp på kandidatlista.

Kvinnherads eigen Aslaug Hellesøy vart ført opp som nummer 2 og Pål Kårbø frå Meland som nummer 3.

Desse 3 sit i fylkestinget også i dag. Kristeleg Folkeparti har 5 medlemmer denne perioden. Ved denne prøvenominasjonen har lokal-laga til oppgave å føra opp 10 kandidatar i prioritert rekkefølge og etter dei tre første vart lista frå Kvinnherad slik:

4. Vegard Ask, Bergen
5. Marit A. Aase, Samnanger
6. Arne Opsal Engen, Kvam
7. Filip Rygg, Bergen

8. Beate Husa, Sund

9. Randi Veland, Bergen

10. Harald Rydland, Fitjar

Nominasjonen finn stad i Bergen 13. november.
Det var 8 tilstades under medlemsmøtet i AFA i kveld.

Av Ola Matti Mathisen



Deltakarar i medlemsmøtet til Krf. Frå venstre sit Frøydis Sjø, Otto Benjaminson, Marit Elisebett Totland, Aslaug Hellesøy, Marit Lindekleiv og Leonhard Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)